

EIN SKULE FOR MORGONDAGENS HELTAR

Opplæringsavdelinga
Hordaland fylkeskommune

Garnes 18.mars 2016

Kommentar til prognosetala for Garnes vidaregåande skuleåret 2016/2017.

Garnes vidaregåande skule har større søkjartal til Vg1-klassene for skuleåret 2016/2017 enn gjennom dei 10 siste åra. Skulen har endeleg nådd sitt langsiktige mål. Frå hausten 2016 er det grunnlag for å opprette fire parallelle Vg1 klasser på Garnes vgs. Og kanskje òg fem parallelle Vg1-klasser fordi det er høge tal på søkjarar som har sett Garnes vgs som andre, tredje og fjerdeval.

Skulen trur det er mange årsaker til dei gode søkjartala. Då fylkesrådmannen kom med framlegg om nedlegging av Garnes vidaregåande skule i november 2015 vakna heile Arna-regionen. Folk i alle aldrar slo ring om skulen dei sjølv hadde gått på som unge, - og som dei identifiserer seg med. Dei ville fortsatt ha ein vidaregåande skule i regionen for kommande generasjonar. Vi opplever òg at det konstruktive og tette samarbeidet vi har med idrettsmiljøa i Arna er ein medverknad til at søkinga til skulen har auka med om lag 20% år for år dei siste åra. Og sist, men ikkje minst vert det lagd merke til at Garnes vidaregåande skule har eit rusfritt skulemiljø.

Det frie skulevalet for elevane står ved lag. Den førre leiaren av OPHE-utvalet, Roald Stenseide, sa det slik: *«Står tilbudet i katalogen er det søkertallet ved prognoseinntaket som avgjør hvor mange klasser som vil bli opprettet.»*

Skulen viser til **Kriteria for SBP**. Her står det mellom anna:

- Skulestrukturen bør samsvare med regionsenterstrukturen og alle regionsentra bør ha store og breie skuletilbod.
- Skular med studiespesialiserande utdanningsprogram bør ha minst 4 parallelar (helst fleire).

Ut frå kriteria finn leiinga ved Garnes vgs det uforståande at fylkespolitikarane i Fylkestinget i desember 2015 gjorde vedtak om dimensjonering av tre programområde i stor Bergen. Vedtaket går på tvers av gjeldande vedtak om fritt skuleval for elevane, og på tvers av kriteria for SBP.

I kommentarane til vårens prognosetal peikar Inntaksleiaren på det nye programfagstilbodet skulen set i gang frå hausten 2016; **Toppidrett m/e-sport**. **Skulen vil med dette stadfeste at det vert lagt til rette for at alle elevar som ønskjer seg programfaget TOPPIDRETT MED E-SPORT vil få tilbod om dette faget.**

Skulen vil òg gi informasjon til alle elevar via Face-book om at tilbodet vert gitt til alle som har søkt.

EIN SKULE FOR MORGONDAGENS HELTAR

Skulen viser til at søkjartala til Garnes vidaregåande skule for skuleåret 2016/2017 har auka monaleg. Det kan ikkje samanliknast med tala frå i fjor då tilbodet om 3ST påbygg var i skulekatalogen.

3 PÅBYGG TIL GENERELL STUDIEKOMPETANSE:

Rektor viser til brev til Opplæringsavdelinga, dagsett 8. januar 2016, der skulen ber om at det vert oppretta klasse i 3. påbygg til generell studiekompetanse frå hausten 2016.

Søkjertala for Hordaland viser ei auke på 110 elevar til dette til. Skulen søker med dette om å få opprette 2 klasser 3 STPB. Dette er eit reelt ønske ut frå at klasse 3MK ikkje kjem i gang ved skulen i neste skuleår.

Garnes vidaregåande skule er ein moderne skule i gamle bygg. **På studieførebuande programområde** tilseier romstorleiken at det ikkje bør vere meir enn 27-28 pultar i kvart rom. Det vil sei at ein kan ta inn 81-84 elevar til 3 parallelle klasser.

STUDIEFØREBUANDE PROGRAMOMRÅDE:

Ut frå søkjartala ved prognoseinntaket er det realistisk at skulen får følgjande klasser skuleåret 2016/2017:

- VG1 STUSP – 2 klasser (3 klasser)
- VG2 STUSP – 2 klasser
- VG3 STUSP – 1 klasser
- VG3 STPÅB – 2 klasser

PROGRAMOMRÅDET MEDIER OG KOMMUNIKASJON

På **Medium og kommunikasjonsavdelinga** har vi fleire store rom og kan ta inn to parallelle klasser på 30 elevar. Dette vil òg vere ei føremon for å unngå for mykje overtal for skulen sine lærarar.

Dette programområdet er inne i ei omfattande endring frå YF til ST. Vi går no inn ein to-årsperiode for dette programområde der det er viktig å sjå programområdet i perspektiv. Det er viktig at Opplæringsavdelinga legg til rette for smidige og gode mellombelse løysingar. Det er viktig at det gode fagmiljøet ikkje vert for snevert og at lærarane sin variasjon av spesialkunnskap kjem elevane til gode. Difor er det særskild viktig for skulen å opprette to parallelle Vg1-klasse, som prognosetala viser at det er grunnlag for.

Skulen ber difor om at klassetalet på MK vert oppretthalde:

- VG1 MKST – 2 klasser (30 +30 elevar)
- VG2 MKYF – 2 klasser (15 + 15 elevar)

Venleg helsing

Aud Åsne Kvamme
rektor

Kopi: Inntaksleiar Nils Skavhellen